

# PROTOKOLL

## MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 18.11.2020 kl.17.00-19.00

Tilstades: Birger Bolstad, Einar Brattegard, Anne Kjersti Frøyen, Arild Øystese Hansen, Torfinn Slåtto, Wenche Smestad, Liv Margit Sørbøen, Else Karin Veslegard, Arne Jensen

Forfall: Vigdis Moen Storhaug

Opning: Anne Kjersti – Pilegrimsvandring med drops

Saksnr.		Ansvar
53/20	<b>Godkjenning av innkalling og protokoll</b> Ingen merknadar til innkalling eller protokoll.	
54/20	<b>Høyring om kyrkjeval</b> Tilrådingane frå arbeidsgruppa vart gjennomgått. Det vart ytra motsegn vedr tid og stad for kyrkjeval. Det er ikkje sikkert at høg valdeltaking er det viktigaste. På den andre sida er det fordelar med tilrådinga frå arbeidsgruppa (og Kirkerådet), særleg med tanke på marknadsføring av kyrkja og underbygging av offentlege tilskot. Det er mest demokratisk å legge best mogleg til rette for at flest mogeleg medlemmer kan stemme. Tilrådinga frå arbeidsgruppa for kap 2, 3, 4, 6 og 7 vart vedteke samrøystes. Tilrådinga frå arbeidsgruppa for kap 5 vart vedteke mot ei stemme.	
55/20	<b>Bruk av Borgstugu til kunstutstilling</b> Soknerådet opnar for at kunstutstillinga kan vere i Borgstugu sommaren 2021.	<b>Kjellfred</b>
56/20	<b>Møteplan første halvår 2021</b> 13.januar, 17.februar, 14.april, 19.mai og 16.juni Møtetid 17.00 – 19.00 Felles årsmøte for alle sokna: onsdag 10.mars	<b>Alle</b>
57/20	<b>Kyrkjebladet</b> Kyrkjebladet er eit godt produkt og er viktig mellom anna for synleggjering av kyrkja og det som skjer i kyrkjene våre. Soknerådet ser at det kan vere riktig å spare inn kostnader. Vi er skeptiske til å opne for annonser og sjølvdistribusjon. Det kan vere rett å gå ned på antal utgjevingar. Vi er innstilt på å redusere antalet utgjevingar til 5 pr år og 4 i året 2021 sidan det er noko mindre tilgang på kyrkjeleg stoff i denne spesielle tida vi er inne i. Kyrkjeverja blir beden om å ta opp manglar ved distribusjonen i Ål.	<b>Redaksjonen Kyrkjeverja</b>
58/20	<b>Val av leiar og nestleiar for 2021</b> Leiar: Einar Brattegard Nestleiar: Else Karin Veslegard Birger Bolstad bad om fritak frå vervet som nestleiar. Vedtaket var samrøystes.	
59/20	<b>Gudstenesteliste første halvår 2021</b> Soknerådet er skeptiske til å legge opp til samling for 50-årskonfirmantar 7.mars og meiner dette er for tidleg i forhold til smittesituasjonen. Vi er også usikre på den 30.mai og vil foreslå at det blir vurdert å arrangere begge samlingane hausten 2021.	<b>Staben</b>
60/20	<b>Justering av lokal grunnordning for gudstenestene</b> Framhald av denne saka vart utsett til neste møte.	
61/20	<b>Ofringar første halvår 2021</b> Dette vart handsama gruppevis og resultatet oversendt Elin.	
62/20	<b>Budsjett 2021</b> Dette vart handsama gruppevis og resultatet oversendt Guro.	

<b>63/20</b>	<b>Meldingar</b> Ingen	
<b>64/20</b>	<b>Eventuelt</b> Førespurnad frå Kristine G Andersen om å samarbeide med Håp om Ungdomsalpho frå januar 2021. Det vart delt ut eit skriv som informerte om prosjektet. Soknerådet er samrøystes positive til eit slikt samarbeid.	
Neste møte: 13.1.2020 kl 1700 i kyrkjestugu		Opning:
		Skrivar: Torfinn Slåtto